

Referat frå møte i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet på Spildepollen skule

Stad: Spildepollen skule

Dato: 20.2.24

Desse var representert:

- for elevane:
- for dei tilsette: Charlotte Hjørnevik
- for andre tilsette: Karoline Olsen
- for foreldra: Jørgen Kausland og Cecilie Dale Glesnes
- for kommunen: Linda Selheim

Desse meldte forfall:

Victoria, Alexandra, Henriette Nordtveit, Elisabeth Olsen, Renate Toft.

Saksliste:

- **Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

- **Godkjenning av saksliste**

Merknader til saksliste frå FAU. FAU ynskjer eit punkt om orientering av arbeidet FAU gjer.

- **Val av referent**

Charlotte Hjørnevik.

- **Elevane fortel om elevrådsarbeid**

Elevane kunne ikkje stille på møtet, rektor fortel om elevrådsarbeidet. Det er elevråd omlag ein gong i månaden. Rektor sender ut saksliste til lærarane i god tid før møtet. Lærarane skal kople på elevrådsrepresentantane og gje dei tid til å ta opp saker saman med klassen. Rektor seier at det er varierende frå årssteg til årssteg kor mykje tid som vert satt av til arbeid med saker til elevrådet.

Det er viktig at saker elevrådet tar opp blir tatt på alvor, og at saker dei vedtar blir gjennomført. Dei har blant anna vore opptekne av at rasisme er eit problem på skulen og at dei vaksne skal arrangere aktivitetar på tvers av årsstega. Miljøarbeidar på skulen har laga eit undervisningsopplegg om rasisme som alle årsstega skal gjennomføre. Vi har og fleire arrangement på tvers av stega til dømes leiketime og fotballturnering.

Rektor skryt av møtekulturen i elevrådet. Arbeid elevrådet gjer er viktig og vert satt pris på av dei andre elevane på skulen og dei tilsette.

Referat frå elevrådsmøter blir sendt heim i transponder og lagt ut på heimesida til skulen.

- **Presentasjon av resultat på nasjonale prøver**

Rektor presenterer resultatene fra nasjonale prøver. Nasjonale prøver vart gjennomført i lesing, rekning og engelsk på hausten for 5. steg. Prøvene måler kva elevane har lært dei fyrste fire åra på skulen og vart gjennomført i ein to vekers periode. Resultata vart delt inn i tre ulike nivå, Spildepollen skule har som mål og ha færrest mogleg elevar på nivå 1, og flest elevar på nivå 2 og 3.

Skulen er godt nøgd med resultatene i lesing og rekning. Tiltak som tidlegare har vore satt inn har fungert godt. Det vart stilt spørsmål om resultatene i rekning kunne ha vore endå betre dersom elevane hadde hatt mattelekser. Rektor seier at dette er ein pågåande diskusjon blant leiinga og lærarane om kva som er det beste for elevane. Det vart og påpeika at dersom elevane får digitale lekser må dei ha med chromebook heim, skulen kan ikkje forvente at alle har digitale hjelpemiddel til å gjere leksene på heime.

Resultata i engelsk var lågare enn i lesing og rekning.

Resultata har vore organisert og presentert for lærarane på skulen. Dei har diskutert og analysert praksisen på skulen og ut frå det laga ein oppfølgingsplan for lesing, rekning og engelsk som heile skulen skal følgje.

- **Presentasjon av resultatene frå elevundersøkinga**

Rektor presenterer resultatene frå elevundersøkinga som var tatt før jul. Resultata frå elevundersøkinga var låg samanlikna med resultatene i Øygarden kommune og nasjonalt. Elevundersøkinga er frivillig og vart gjennomført på mellomsteget. Lærarane har diskutert og analysert resultatene, og lager ein oppfølgingsplan saman med leiinga. Tiltaka på oppfølgingsplanen vart satt årstegsvis grunna store sprik i resultatene på dei ulike årsstega.

Elevundersøkinga viser høge mobbetal på Spildepollen skule. Dette er noko skulen tar på alvor. Mobbing er eit obligatorisk tema på elev- og utviklingssamtalen, skulen vil derfor samanlikne svarene frå elevundersøkinga og samtalane for å sjå om tala stemmer.

- **Informasjon om endringar i skulen sitt ordensreglement**

Dei tilsette på skulen ynskjer eit utvida punkt under konsekvens ved brot på ordensreglementet som seier noko om at eleven skal ha ein samtale med kontaktlærer eller avdelingsleiar før eit formelt møte med foreldre og skulen.

Eventuelt

- FAU informerer om kort varsel før foreldremøte med Barnevakten. Dei kunne ynskje at dei hadde fått tid til å kople skulen meir på i arbeidet med temaet.
- FAU ynskjer ein plan om korleis dei skal gjennomføre bygginga og vedlikeholdsarbeidet med leskura. Dei seier og at foreldra var positiv til å gjere dugnad for å setje opp skura.

- Rektor skal minne alle lærarane på at læringsplanen skal leggjast ut som oppslag på transponder, det vil då vere lettare for dei føresette å finne informasjonen.